



Løyve til verksemd etter forureiningslova for Kvamskogen vassverk

Fylkesmannen gjev Kvamskogen vassverk løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i søknad av 11. september 2012 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom Kvamskogen vassverk ønskjer endringar utover det som ble opplyst i søknaden, eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømesseg verknad, må bedrifta på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Bedriftsdata

Bedrift	Kvam herad, Kvamskogen vassverk
Stad/Gateadresse	Kvamskogen
Postadresse	Grovagjelet 16, 5600 Norheimsund
Kommune og fylke	Kvam i Hordaland
Org.nummer (bedrift)	944233199
Gards- og bruksnummer	Gnr. 21 bnr. 510
NACE-kode og bransje	84.110 - Generell offentlig administrasjon
NOCE-kode(r)	Ikkje relevant
Kategori for verksemda	Ikkje relevant

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse ¹
2013.017.T	1238.0072.01	3

Løyve gitt: 22. 01. 2013	Endringsnummer:	Sist endra:
Kjell Kvingedal e.f. seksjonssjef		Britt Solheim senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>		

¹ Jf. forureiningsforskrifta kapittel 39 Gebyr til statskassen for Fylkesmannen sitt arbeid med løyve og kontrollar etter forureiningslova

Innhald

1. Produksjonstilhøve/utsleppstilhøve.....	3
2. Generelle vilkår	3
2.1 Utsleppsavgrensingar	3
2.2 Plikt til å overhalde grenseverdier	3
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg	3
2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald	3
2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare.....	4
2.6 Internkontroll	4
3. Utslepp til vatn.....	4
3.1 Utsleppsgrenser.....	4
3.2 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.	4
3.3 Utsleppsstad for prosessavløp	4
3.4 Kjørevatn	4
3.5 Overløp frå basseng for reint vatn	5
3.6 Overflatevatn	5
3.7 Sanitæravløpsvatn.....	5
3.8 Mudring	5
4. Utslepp til luft.....	5
5. Grunnforureining og forureina sediment.....	5
6. Kjemikal	5
7. Støy.....	6
8. Energistyringssystem	6
9. Avfall.....	6
9.1 Generelle krav.....	6
9.2 Vaskevatn frå årleg vasking av membranane	6
9.3 Slam	6
10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining.....	6
10.1 Miljørisikoanalyse	6
10.2 Førebyggjande tiltak	7
10.3 Etablering av beredskap.....	7
10.4 Varsling om akutt forureining	7
11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen.....	7
11.1 Utsleppskontroll	7
11.2 Måleprogram	7
11.3 Kvalitetssikring av målingane	7
11.4 Rapportering til Fylkesmannen	8
12. Overvaking av resipient	8
13. Granskingar og utgreiingar.....	8
14. Utskifting av utstyr.....	8
15. Eigarskifte	8
16. Nedlegging	9
17. Tilsyn.....	9
VEDLEGG 1	10
Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1	10
Metaller og metallforbindelser:	10
Organiske forbindelser:	10

1. Produksjonstilhøve/utsleppstilhøve

Løyvet gjeld forureining frå produksjon av drikkevatn. Løyvet er basert på ein årleg produksjon av drikkevatn til maksimalt 3500 abonnentar. Anlegget vil kunne produsere maksimalt 1071 m³ drikkevatn per døgn. Denne produksjonsmengda vil berre vere aktuell få dagar om vinteren i ferier som påske og vinterferie.

Ved vesentlege endringar skal verksemda søkje om endring av løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

2. Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentar frå verksemda som er forventa å ha størst miljøverknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet pkt. 3 flg. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i pkt. 3 flg. eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljøverknad.

2.2 Plikt til å overhalde grenseverdiar

Alle grenseverdiar skal overhaldast innanfor dei fastsette midlingstider. Variasjonar i utsleppa, innanfor dei midlingstidene som er fastsett, skal ikkje avvike frå kva som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå bedrifta, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor utsleppsgrensene, plikter bedrifta å redusere sine utslepp, også støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje gjennom vilkår i pkt. 3 flg. uttrykkeleg er sett grenser for.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengder, skal eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med sakshandsaminga, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal bedrifta sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha utsleppsmessig verknad. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7².

² Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunner oppstår fare for auka forureining, plikter bedrifta å setje i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig å redusere eller innstille

drifta. Bedrifta skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsverknad. Akutt forureining skal varslast i samsvar med pkt. 10.4.

2.6 Internkontroll

Bedrifta plikter å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift om dette³. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at bedrifta overheld krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Bedrifta plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Bedrifta plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle tilhøve som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøve. Dette gjelder også miljørisikovurderingar når bedrifta tek i bruk nye kjemikal, jf. pkt. 6.

3. Utslepp til vatn

3.1 Utsleppsgrenser

Utsleppskomponent	Utsleppskjelde	Utsleppsgrenser
Vassmengde	Totalt utslepp av konsentrat	1 071 m ³ /døgn
Vassmengde	Vasking av membranar	10 m ³ /døgn
Organisk stoff	Vasking av membranar	Tilsvarande eit forbruk av 12 liter skyllemiddel/døgn
Klor	Vasking av membranar	Tilsvarande eit forbruk av fritt klor på 130 gram/døgn

3.2 Utsleppsreducerande tiltak, reinseanlegg m.m.

Sjå punkt 3.3.

3.3 Utsleppsstad for prosessavløp

Prosessavløpsvatnet skal førast ut i bekk frå Fossdalsvatnet i Longelia på ein slik måte at innblandinga i vatnet i bekken blir best mogleg.

3.4. Kjølevatn

Bedrifta har ikkje utslepp av kjølevatn.

³ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

3.5 Overløp frå basseng for reint vatn

Overløpsvatnet skal førast ut i bekken på ein slik måte at innblandinga i vatnet blir best mogleg og skal ikkje føre til vesentlege endringar i resipienten.

3.6 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå utearealet til bedrifta skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

3.7 Sanitæravløpsvatn

Bedrifta skal leie sanitæravløpsvatnet til offentlig avløpsnett.

3.8 Mudring

Dersom det som følgje av verksemda til bedrifta skulle vise seg å vere nødvendig med mudring, skal bedrifta innhente nødvendig løyve frå forureiningsmyndigheita. Slik mudring må bedrifta koste sjølv.

4. Utslepp til luft

Vi har ikkje sett særlege vilkår for utslepp til luft frå prosessen.

5. Grunnforureining og forureina sediment

Vi har ikkje sett særlege vilkår for grunnforureining.

6. Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes begroingshindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for brannbekjemping.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal bedrifta dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Bedrifta plikter å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Bedrifta skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, plikter bedrifta å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁴ Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast, seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket.⁵

⁴ Jf. Produktkontrollloven

⁵ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH)

7. Støy

Vi har ikkje sett særlege vilkår for støy i løyvet.

8. Energistyringssystem

Vi har ikkje sett særlege vilkår om energi i løyvet.

9. Avfall

9.1 Generelle krav

Bedrifta pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemda. Særleg skal bedrifta prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Bedrifta pliktar å sørge for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta⁶.

Avfall som oppstår i bedrifta, skal bedrifta prøve å bruke om att i produksjonen sin eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – prøve å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

9.2 Vaskevatn frå årleg vasking av membranane

Vaskevatnet frå årleg vasking av membranane skal samlast opp og transporterast til godkjent avløpsanlegg.

9.3 Slam

Det skal ikkje produserast slam i anlegget.

10. Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Bedrifta skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si. Bedrifta skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller Miljøskadar, inne på område til bedrifta eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Bedrifta skal ha oversikt over dei miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensar slik forureining kan føre til.

⁶ Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

10.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal bedrifta setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Bedrifta skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

10.3 Etablering av beredskap

Bedrifta skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei setje i verk risikoreduserande tiltaka, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer. Bedrifta skal øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁷. Bedrifta skal også så snart som mogleg varsle Fylkesmannen i slike tilfelle.

11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

11.1 Utsleppskontroll

Bedrifta skal gjennomføre målingar av utslepp til vatn. Målingar omfattar volummåling, prøvetaking, analyse og utrekning.

Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemda sine faktiske utslepp og skal som eit minimum omfatte:

- komponentar som er uttrykkeleg regulert gjennom grenseverdiar i løyvet eller forskrifter
- andre komponentar dersom det er fare for at desse kan føre til forureining

Bedrifta skal ha eit måleprogram som inngår i bedrifta sin dokumenterte internkontroll. Måleprogrammet skal utarbeidast innan **1. mai 2013**.

11.2 Måleprogram

Når bedrifta utarbeider måleprogrammet, skal de:

- velje dei frekvensane for prøvetaking som gir representative prøver
- vurdere usikkerheitsbidraga ved dei forskjellige trinna i målingane (volummåling – prøvetaking – analyse – utrekning) og velje løysingar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå

11.3 Kvalitetssikring av målingane

Bedrifta er ansvarleg for at metodar og utføringar er forsvarleg kvalitetssikra mellom anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk Standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal eller utanlandsk standard brukast
- bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteyter skal vere akkreditert for den aktuelle tenesta

⁷ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

11.4 Rapportering til Fylkesmannen

Vi har ikkje sett særlege vilkår for rapportering.

12. Overvaking av resipient

Bedrifta skal sørge for overvaking av effektar av utsleppa til vatn i samsvar med eit overvakingsprogram. Omfanget av overvakinga skal vere i tråd med potensiale for forureining, sjå også punkt 13. Overvakingsprogrammet skal sendast Fylkesmannen for eventuelle merknader innan **1. desember 2013**.

Data som kjem frå overvakinga i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen *Vannmiljø*. Data skal leverast på Vannmiljø sitt importformat, som er å finne på <http://vatnmiljokoder.klif.no>. Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk.

Bedrifta skal sørge for at resultatata frå overvakinga vert fagleg vurdert og skal varsle Fylkesmannen dersom overvakinga viser at det er fare for endring av økologisk tilstand i bekken.

Om det vil gå føre seg overvaking i regi av Fylkesmannen eller vassregionstyresmakt, må Kvamskogen Vassverk bidra i felles overvakingsprogram med data for dei kvalitetselementa i vassførekomsten som kan vere direkte eller indirekte påverka av bedrifta sine utslepp.

13. Granskingar og utgreiingar

Kvamskogen vassverk skal sjekke kva for verknad vassverksdrifta har på bekken. Dette skal vere avgjerande for kva som er rimeleg omfang av overvakingsprogrammet.

Granskinga skal minst omfatte påvekstsalg og botndyr i utsleppspunktet og av bekkeløpet nedstraums utsleppspunktet. Granskingane skal utførast av uavhengig fagleg kompetent instans. Granskinga skal gje svar på om bekken bør granskast vidare i samsvar med rettleiar for vassovervaking i medhald av krav i vassforskrifta, eller om det er tilstrekkeleg med enklare overvaking. Rapport etter granskinga må sendast Fylkesmannen innan **1. desember 2013**.

14. Utskifting av utstyr

Viss bedrifta skal gjere utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal bedrifta nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

15. Eigarskifte

Viss bedrifta blir overdratt til ny eigar, skal bedrifta sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

16. Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal bedrifta i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal bedrifta sørge for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift⁸. Dei tiltaka som blir sette i verk i denne samband, skal bedrifta rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørge for at driftsstaden blir sett i miljømesseg tilfredsstillande stand igjen.

Viss bedrifta ønskjer å starte verksemda på nytt, skal bedrifta gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

17. Tilsyn og journalføring

Bedrifta pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

Bedrifta skal journalføre følgjande opplysningar:

- oversikt over total utsleppsmengd til bekk
- forbruk av kjemikal
- resultat frå prøvetakinga

Opplysningane skal vere tilgjengelege ved tilsyn eller når Fylkesmannen ber om det og skal lagrast i minst 5 år.

⁸ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1**

Utslepp av desse komponentene er berre omfatta av løyvet dersom dette framgår uttrykkeleg av vilkåreine i punkt 3 eller de er så små at de må anses å vere uten miljømessig verknad.

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

	Vanlige forkortelser
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4' isopropyliden difenol)	TBBPA
Klorholdige organiske forbindelser	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikosan (2,4,4'-Trichloro-2'-hydroxydiphenyl ether)	
Nitromuskforbindelser:	
Muskxylen	
Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	
2,4,6tri-tert-butylfenol	
Polyfluorerte organiske forbindelser (PFCs)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre (PFOA)	
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT
Polisykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Dekametylsyklopentasiloksan	D5